

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 17.06.2021

---

**Arkivsaksnr.:** 21/2897-6  
**Saksnr.:** 45/21

### Saksprotokoll - Årsrekneskap og årsrapport for Sogndal kommune 2020

#### Handsaming:

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding til vedtak:**  
**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Årsrekneskap og årsrapport for 2020 for Sogndal kommune vert vedteken. Rekneskapen for 2020 gav eit mindreforbruk på kr 20 425 529. Mindreforbruket er disponert til å redusere budsjettet bruk av disposisjonsfond.
2. Disposisjonsfond vert samanslegne slik som går fram av saksframstillinga punkt 2. Rådmannen får fullmakt til å disponere innovasjonsfondet.
3. Ubundne investeringsfond vert samanslegne slik det går fram av saksframstillinga punkt 3.

#### Endringsframlegg:

Frå Arbeidarpartiet

1. Nytt punkt 4:  
Det skal utgreiast ein kommunal ressurspool innan Helse og omsorg og innan Oppvekstsektoren. Dette kan medverka, både til at ufrivillig deltid vert redusert, samt at ein får redusert bruk av overtid, vikarbruk og vikarbyrå. Dei tillitsvalde må medverka tett i prosessen, der mellom anna kompensasjon for reisetid, reisekostnadar og ein føreseieleg turnus må konkretiserast i eit eventuelt framtidig politisk vedtak.

#### Avrøysting:

Innstillinga frå formannskapet vart vedteken samrøystes.

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart vedteken samrøystes.

**Dette gir følgjande vedtak:**

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding til vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Årsrekneskap og årsrapport for 2020 for Sogndal kommune vert vedteken. Rekneskapen for 2020 gav eit mindreforbruk på kr 20 425 529. Mindreforbruket er disponert til å redusere budsjettert bruk av disposisjonsfond.
2. Disposisjonsfond vert samanslegne slik som går fram av saksframstillinga punkt 2. Rådmannen får fullmakt til å disponere innovasjonsfondet.
3. Ubundne investeringsfond vert samanslegne slik det går fram av saksframstillinga punkt 3.
4. Det skal utgreiast ein kommunal ressurspool innan Helse og omsorg og innan Oppvekstsektoren. Dette kan medverka, både til at ufrivillig deltid vert redusert, samt at ein får redusert bruk av overtid, vikarbruk og vikarbyrå. Dei tillitsvalde må medverka tett i prosessen, der mellom anna kompensasjon for reisetid, reisekostnadar og ein føreseieleg turnus må konkretiserast i eit eventuelt framtidig politisk vedtak.